

ÅRSMELDING FOR SKISENTERET I FARDALEN 2017

1) Styret er samansett slik:

Leiar	Knut Jevnaker
Nestleiar	Mona Nytnun (nestleiar i hovudstyret)
Kasserar	Anders S. Hestetun
Styremedlem	Jostein Holsæter, Rune Larsen og Johannes Børtnes

2) Renovering av skihytta er ferdig - opning med innbedne gjester.

- a) Arbeidet starta i mai 2016 og vi jobba til siste timane før vi hadde "nyopning" tysdag 31.1. Her vart både dugnadsarbeidet og dagen til Børre markert.
Vi hadde bedd inn dugnadsfolk og sponsorar til omvisning og eit flott kaffibord.
Takk til damene på kjøkkenet. Takk også til Porten og Sogn Avis for fin omtale
- b) Kjøkkenet og hytta fungerer som ein samlingsplass for store og små. Det er langt trivelegar og meir praktisk å jobbe på kjøkkenet etter utvidinga.
Inne i hytta er det lyst og triveleg, ein ny TV-kroken gjer at ein i helgane kan få med seg høgdepunkt i sportssendingane og samstundes rekke nokre turar i løypa og akebakken. Dette ser det ut som mange set pris på.

3) Andre saker vi nemner

- a) Tor Finnebotten og Morten Høyum er driftsansvarlege for tau-trekket.
Konsesjon vart i 2016 fornya og gjeld no til 2022
 - i) Ansvarsforsikringa som ligg som krav for driftsløyvet er no på 200G ca 18 mill
 - ii) Morten Høyum organiserer drift og set opp turnusar i tau-trekket.
Han har teke sertifisering som driftsleiar
- b) Jostein er bas for løypeprepareringa og vedlikehald av maskina.
Han har hatt ein stri jobb også denne vinter med vedlikehald og reparasjonar i tillegg til all køyring.
 - i) Jostein må sjølv vurdere om han skal lære opp ein «avløysar»
 - ii) Det er godt å ha ein god snøskuter når maskina står nokre dagar.
Her er det lett for oss andre å hjelpe til med køyring
- c) Skigruppa driv kiosken i Skihytta på dugnad og har inntektene av denne drifta
Dei bidreg godt til drifta av Skisenteret. Allidrettsgruppa har også vore flinke til å gje støtta til skigruppa / skisenteret. Det er ikkje alltid lett å finne frivillige til å ta på seg turnus i kiosken. Dette blir eit større problem i periodar der det er få aktive skiløparar

4) Økonomikonomi – viser til rekneskapen

- i) Driftsrekneskapen viser eit underskot på kr 9516
- ii) Det vert mindre med dugnader og vi kan ikkje drive med underskot fleire år på rad
- iii) Har oppretta vipps som vi skal legge inn på nettsida til verstasjonen i håp om at enno fleire trimmarar vippsar «ein runde med løypemaskina»
Idrottslaget Jotun Fardalen Skisenter – Vippsnr: #508717

5) Økonomiske bidrag til drift av Skisenteret

- a) Hovudstyret har betalt for ny vassvarmar – kr 8871
- b) Fordeling av ein del midlar kr 8785 som er tilført oss frå hovudlaget
- c) Mange private «sponsorar» bidreg med kr 12500 – det viser at folk i bygda set pris på arbeidet vi legg ned i Fardalen
- d) Driftstilskot frå skigruppa kr 20000
- e) For 2017 fekk vi også eit tilskot til preparering av løyper frå ÅK på kr 10.000 Skisenteret i Fardalen

Knut Jevnaker / Anders S. Hestetun
11.02.2018